

Dyrkolbotn Fjellstove AS  
Dyrkolbotn 119  
5994 Vikanes

Tlf.: 90 68 01 00  
Org.nr.: 917438129mva

Til Alver kommune,  
v/Avdeling for kart og matrikkeldata  
Epostadresse: [Post@Alver.Kommune.no](mailto:Post@Alver.Kommune.no)

**Informasjon om ferdig tilbygg til driftsbygning til Dyrkolbotn Fjellstove, på gnr 247 bnr 10**

Vi har i haust (2021) sett opp eit tilbygg på 14,5 m<sup>2</sup> BYA til driftsbygningen vår. No melder vi at dette er ferdig bygd. Tilbygget skal malast i samme farge som resten av bygget, men det må utstå til våren.

Tiltaket kjem inn under § 4-1, første avsnitt b i Byggesaksforskrifta, og har såleis ikkje trengt byggesakshandsaming. Men i siste avsnitt i § 4-1 står det at vi skal «informere kommunen om tiltaket og plasseringen når det er ferdigstilt, slik at kommunen kan oppdatere kart og matrikkeldata»

Rommet i tilbygget er tenkt nytta som lager.

Tilleggsinformasjon:

For eit par år sidan forbetra vi to av veggane i verkstaden, som eit tiltak mot rusting av utstyret vi der hadde. Vi la også på nytt tak over verkstaden av same grunn. Vi reknar ikkje med at dette er meldepliktig, men tek det med her no likevel, som ei oppdatering av tilhøva i driftsbygningen.

Sjå vedlagde teikningar og fotografi.

Dyrkolbotn, 22. desember 2021

Venleg helsing


*Leikny Strømme Flathus/s*

Vedlegg:

- 1) Planskisse av driftsbygningen med tilbygg
- 2) Foto av driftsbygningen med ferdig tilbygg

1)

Planskisse av driftsbygningen. Nytt tilbygg markert med rosa.



2) Nytt tilbygg:



Nytt tilbygg lengst til høgre:

